



Ulla Skulehus
Skjipa 11. april 2009

Haramsey
Bygd i 1886

ÅRSMELDING 2016/2017

1. Årsmøte 21. mai 2016

Årsmøtet vart halde på skulehuset.

2. Styremøte 2016/2017

Styret har hatt 2 møte siste året.

3. Kulturelle aktivitetar

Skulehuset vart nytta til kviss-konkurransse fredag på Ullafesten 2016.

Det var konsert i høve 130-års jubileet til Ulla Skulehus 13. august 2016. Musikk ved Einar Longva, Ståle Aasebø & Co.

Det var barnekonsert ved «Mandarinsaft» på skulehuset 6. desember 2016

Det var julebord på skulehuset 17. desember 2016.

Skulehuset har i tillegg vore utleigd til selskap.

4. Dugnad og aktuelle prosjekt

Det var dugnad i samband med årsmøtet den 21. mai 2016. Det var godt frammøte i fint ver, og vi fekk gjort mellom anna desse oppgåvene:

Jamne ut uteområdet etter gravemaskin og taktor.

Så grasfrø.

Klippe graset.

Skrape vekk mose på taket.

Ordne løсна bordkledning på vestveggen etter stormen.

Skifte vannstokk og bordkledning på sørveggen.

Rydde mørkeloftet og brenne bål.

Setje inn lufteventil på austveggen.

Setje opp vegg mellom wc og kjøkken.

Setje inn dør mellom wc og gang.

Måle utdøra.

I ettertid er arbeidet med vatn og avløp fullført. WC er ferdig og likeså kjøkken med ferdig oppsett innreiing og vatn/avløp inkludert varmtvasstank.

Til neste dugnad har vi mellom anna desse oppgåvene:

Rydding og brenning av avfall.

Ordne hjørnebord på nordaust hjørne utvendig.

Skifte rota bordkledning på sørveggen.

Måle vegg utvendig.

Måle vindskier.

Dekkje over toppen av pipa.

Måle vegg og tak i gangen.

Måle innerdører.



Ulla Skulehus
Skjapa 11. april 2009

Haramsey
Bygd i 1886

5. Økonomi

Vi hadde pr 30. april 2017 til saman 80 medlemmer. Sjå medlemsliste i innkallinga. Det er ganske stabilt, litt fråfall og litt tilgang.

Inntekter i året som er gått:

Medlemskontingent	35 300
Inntekt frå jubileumskonserteren	4 500
Ullafesten 2016 - overskot på kvissen	4 000
Ullafesten 2016 - loddsal	4 030
Ullafesten 2016 - sal av kaffi og vaflar	2 450
Julebord tilskot	1 695
Tilskot frå Sparebanken Møre	5 000
Tilskot frå private	15 900
Tilskot frå bedrifter	38 000
Utleige	500
Sum	111 375

Kostnader i året som er gått:

Rørleggjar	39 911
Forsikring	3 710
Kommunale avgifter	5 975
Tilknytingsavgift vatn – Haram kommune	12 500
Diverse	25 171
Sum	87 267

I siste året var det eit overskot på drifta på kr 24 149,55. Ved utgangen av rekneskapsåret 30. april 2017 var det kr 64 886,45 innestående på dei to bankkontoane til saman. Sjå rekneskap for 2016/2017.

Sjå elles fullstendig dokumentasjon på heimesida: ullanett.com

For styret 15. mai 2017

Knut Hallvard Ulla
styreleiar og kasserar